

Årsmøteprotokoll 2024

Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal

Tid Onsdag 28. februar 2024 kl. 09.00–10.00

Stad Digitalt via Teams

Medlemmar til stades 11 + éin representant frå sekretariatet

1. Opning og konstituering

Leiar Torgeir Brun opna møtet.

Sigurd Biørnstad Syversen vart vald til møteleiar.

Som referent vart Torgeir Brun vald.

Til å signere protokollen vart Mariann Schjeide og Stine C. Nerland vald.

2. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kunngjering og innkalling med sakspapir er sendt ut i samsvar med vedtektene. Innkalling og dagsorden vart godkjent.

3. Årsmelding

Leiar Torgeir Brun las årsmeldinga.

Årsmøtet godkjente årsmeldinga.

Merknad: Positivt at regionlaget har søkt om å arrangere Bibliotekmøtet 2026.

4. Revidert rekneskap

Økonomiansvarleg Sigurd Biørnstad Syversen gjekk gjennom den reviderte rekneskapen.

Årsmøtet godkjente rekneskapen med følgande **merknad**:

- Manglar registrering av grunnstøtte. Årsmøtet ber regionlaget endre dette og sende nytt årsrekneskap tilbake til revisor.

5. Handlingsplan

Handlingsplanen for 2024 vart vedtatt utan endringar.

Merknader:

- Vil vere hensiktsmessig å sjå til handlingsplan nasjonalt for å syte for samanheng mellom ledda i organisasjonen.

- Kan vere viktig å presisere at ein med omgrepet bibliotek meiner alle typar bibliotek.

6. Budsjettforslag

Økonomiansvarleg Sigurd Bjørnstad Syversen gjekk gjennom budsjettet for 2024. Budsjettet vart vedtatt.

7. Val

Møteleiar presenterte forslag til nytt styret. Kort og enkel presentasjon frå og om dei innstilte kandidatane.

Forslag til nytt styre vedtatt utan endringar. Styret for 2024 blir som følger:

Namn	Rolle	Status	Periode
Sigurd Bjørnstad Syversen	Styreleiar	Vald	2024–2026
Merete Bratsberg Aae	Styremedlem	Ikkje på val	2023–2025
Saga Elisabeth Lövsström	Styremedlem	Ikkje på val	2023–2025
Marianne Følsvik	Styremedlem	Vald	2024–2026
Randi Tveit Solheim	Styremedlem	Vald	2024–2026
Grete Rødseth	Styremedlem	Vald	2024–2026
Lina Engelsrud	Revisor	Ikkje på val	2023–2025

Referent
Torgeir Brun
1. mars 2024

Innhaldet i årsmøteprotokollen er stadfesta ved signatur av

Mariann Schjeide

Stine C. Nerland